



MATEMATIKKSENTERET

Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen

2025

KENGURUKONKURRANSEN

Oppgåver på nynorsk

Benjamin


(6.–8. trinn)





3 poeng

1. Kva for eit mønster passar i det kvite feltet?



(A)




(B)



(C)




(D)




(E)

2. Anna har bygd talet 2025 med klossar.
Bella ser klossane frå baksida.



Kva for eit tal ser Bella?



(A)



(B)



(C)




(D)



(E)

3. Ein kube er dekorert med like store grå kvadrat.
Alle sideflatene er dekorerte likt.




Kor mange grå kvadrat er kubens dekorert med?

- (A) 14 (B) 15 (C) 16 (D) 18 (E) 30



Kengurukonkurransen BENJAMIN 2025


4. Når lukene blir opna, renn 10 liter vatn ned i fem røyr.




Kor mykje av vatnet renn ned i tønna?

- (A) 3 liter (B) 4 liter (C) 5 liter (D) 6 liter (E) 8 liter

5. Theo roterer ein sekskant slik biletet viser.



Korleis ser sekskanten ut når han har rotert 8 gonger?



6. Ein restaurant sel burgarar.
På menyen står burgarane frå den billigaste til den dyraste.
Regnet har viska bort noko av menyen.

Kva for ein av prisane nedanfor kan ha stått på menyen?

- (A) 4.10 (B) 5.50 (C) 5.60 (D) 6.30 (E) 6.60

veggie	3.70
classic	.30
hot-bacon	.60
cheesy	.50
double	.10
deluxe	6.80



Kengurukonkurransen BENJAMIN 2025

7. Seks barn deltok i ein løpekonkurranse.

Vi veit at:

- Ariana enda på tredje plass.
- Brian vart nummer seks, like bak Edvin.
- Fatima kom i mål mellom Ariana og Edvin.
- Diana passerte Charles rett før mållinja.

Kven vann konkurransen?


- (A) Ariana (B) Charles (C) Fatima (D) Edvin (E) Diana

8. Tiril har tre hyller med bøker.

På den øvste hylla er det 17 bøker.

I den midtarste er det 15 bøker, og i den nedste er det 7 bøker.

Tiril vil ha like mange bøker i kvar hylle. Ho vil flytte så få bøker som mogleg.



Kva er det minste antal bøker Tiril må flytte frå den midtarste til den nedste hylla?


- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5

4 poeng

9. Biletet viser fem lykkehjul.

Kvart lykkehjul er delt inn i like store felt.

Når pila stoppar i eit svart felt, vinn du.



Kva for eit lykkehjul gir deg størst sjanse for å vinne?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5






Kengurukonkurransen BENJAMIN 2025

10. Vera har bygd eit tårn av klossar.

Nokre klossar er merkte med tal.

Vera vil også skrive tal på dei grå klossane.

Ho vil at kvar kloss i tårnet skal ha eit tal som er minst 2 større enn talet på klossen under.



På kor mange måtar kan Vera gjere dette?

- (A) 3 (B) 4 (C) 5 (D) 6 (E) 7

11. Tre skjelpadder startar samtidig i eit 10-meterløp.

Kvar skjelpadde bevegar seg med jamn fart gjennom heile løpet.

Når den første skjelpadda kjem i mål, har den andre gått $\frac{1}{4}$ av løypa, medan den tredje har gått $\frac{1}{5}$ av løypa.




Kor langt frå målstreken vil den tredje skjelpadda vere når den andre kjem i mål?


- (A) 1 m (B) 2 m (C) 3 m (D) 4 m (E) 5 m

12. Brikkene nedanfor kan berre bli plassert på dei kvite rutene i kvadratet.


Ei av brikkene kan *ikkje* bli plassert på denne måten.




Kva for ei brikke?




(A) 1




(B) 2



(C) 3



(D) 4



(E) 5



Kengurukonkurransen BENJAMIN 2025

13. Fem symjarar øver til stafettkonkurranse.

Stoppeklokka blir sett i gang når den første symjaren startar og blir stoppa når den siste symjaren kjem i mål.

Klokkene nedanfor viser vekslingstida til symjarane.

Den første symjaren vart ferdig etter 2 minutt og 8 sekund.

Då den femte kom i mål, viste stoppeklokka 10 minutt og 3 sekund.

Kva for ein symjar var raskast?




- (A) den første (B) den andre (C) den tredje (D) den fjerde (E) den femte

14. Mika har skrive siffera 2, 0, 2, 5 i eit gjentakande mønster på ei papirremse.

2 0 2 5 2 0 2 5 2 0 2 ...

Frå remsa klipper han ut 10 like bitar slik biletet nedanfor viser.



Kva er det minste antal siffer Mika kan ha skrive på papirremsa?

- (A) 75 (B) 76 (C) 78 (D) 80 (E) 81

15. På kvart av skilta nedanfor står to 3-sifra tal. Enkelte siffer er måla over.

På eitt av skilta er summen av siffera til det eine talet lik summen av siffera til det andre talet.

Kva for eit skilt?

543 and 11

(A)

58 and 11

(B)

777 and 2

(C)

211 and 6

(D)


982 and 1

(E)





16. Hasan skriv 0 eller 1 i kvar rute i rutenettet slik at summen av tala i kvar rad, kolonne og diagonal blir 3. Han har allereie skrive 0 i ei av rutene.



Kva blir summen til tala i dei grå rutene?


- (A) 0 (B) 1 (C) 2 (D) 3 (E) 4

5 poeng

17. Janne har eit kvadratisk ark.

Ho klipper av fire like store kvadrat frå kvart hjørne og får eit kryss.

Arealet til det ho klipper bort er 16 cm^2 til saman. Arealet til krysset er 9 cm^2 .




Kor lang omkrins har krysset?

- (A) 9 cm (B) 16 cm (C) 20 cm (D) 25 cm (E) 32 cm

18. Sidene i kvadratet er 10 cm.

Linja i midten deler kvadratet i to like rektangel.



Kor stort er arealet til det grå området?

- (A) $12,5 \text{ cm}^2$ (B) 25 cm^2 (C) 30 cm^2 (D) 40 cm^2 (E) 50 cm^2




Kengurukonkurransen BENJAMIN 2025

19. Jens har fem brikker.

Alle har same form og alle består av tre ruter.

Med brikkene har han laga figuren til høgre.





Kva for ein bokstav står på same brikke som stjerna?

- (A) A (B) B (C) C (D) D (E) E

20. Du skal lage figuren til høgre.

Brikkene nedanfor er dei du kan bruke.

Alle brikkene kan bli bruk fleire gonger,
du kan rotere brikkene, men brikkene kan
ikkje overlape.




Kva er det minste antal brikker du treng for å lage figuren?

- (A) 11 (B) 12 (C) 13 (D) 14 (E) 15

21. Biletet viser tre vektor som er i balanse.

Like kubar veg like mykje.

William sorterer klossane frå den lettaste til den tyngste.



I kva for ei rekkjefølgje set han klossane?

- (A) (B) (C) (D) (E)



Kengurukonkurransen BENJAMIN 2025


22. Polly skal skrive tala frå 1–9 i rutene, eit tal i kvar rute.

Følgjande regel gjeld:

Summen av tala i to naboruter står på linja mellom rutene.

Kva er summen av tala Polly skriv i dei grå rutene?

- (A) 16 (B) 17 (C) 18 (D) 20 (E) 21




23. Sara kjøpte tre gonger så mange sjokoladar som Pia.

Viss Sara gir ein firedel av sjokoladane sine til Pia, vil Sara framleis ha seks fleire sjokoladar enn det Pia har.


Kor mange fleire sjokoladar kjøpte Sara samanlikna med Pia?

- (A) 36 (B) 30 (C) 27 (D) 24 (E) 20

24. Fem papirmalar er merkte med stipla linjer.



Ved å klippe langs dei stipla linjene kan tre av papirmalane bli forma om til eit hjarte, utan overlapping.



Kva for tre malar er dette?

- (A) A, C og E (B) B, C og E (C) C, D og E (D) A, B og C (E) A, B og D



Svarskjema for eleven

Namn:

Marker svaret ditt ved å setje kryss i rett rute

Oppgave	A	B	C	D	E	Poeng
1						
2						
3						
4						
5						
6						
7						
8						
9						
10						
11						
12						
13						
14						
15						
16						
17						
18						
19						
20						
21						
22						
23						
24						
Sum						